

Einar Økland

Forfattarens tankar om kulturformidling

Eg snakkar sjeldan om "kulturformidling til barn" eller "barnekultur", dels fordi eg kjenner meg utanfor eller opprørt, dels fordi eg kjenner at mitt rike er av denne verda. Innleiingsvis vil eg heller ta fram ein scene i ei lita historie Theodor Kittelsen har teikna til, henta frå boka *Løgn og forbandet digt* frå 1912. Her ligg det ein stor stein i skogen og denne steinen snur seg når den kjenner lukta av ferskt brød. Historia fortel vidare at det dukkar opp ein karikatur av ein vitskapsmann som seier at steinen ikkje har lukteorgan. For dette blir han prylt og medhersa av bygdefolket. - Ein svensk forfattarkollega, Harry Martinson, har i boka *Tuvor* frå 1973 eit lite vers kor det også ligg ein stor stein i skogen, ei "urtidsblokk". Inne i lysinga, i glenna som han kallar "skogens kammare", i skogstova, står denne steinen som ein stødig buffet, "ett stadigt skänkskåp", med nøkkelen vridt om innanfrå og med mose i låsen.

Eg vil gjerne vise fram desse nordiske steinane som sikkert ennå ligg i skogen.

Først tenkte eg at eg burde sjekke med nokre av dei heilage skrifter som eg har i hylla mi, og så slo eg opp i Storakers posthume verk, eg tenkte eg skulle sjå på "menneskelivet", og særleg det som gjeld "barn". Der står det mykje om folketru som gjeld barn, særleg når det gjeld å gi barn namn, for det må ein vere nøye med. Det kan få store konsekvensar. Det skal eg ikkje referere. Det stod i det heile tatt lite som eg kunne bruka i vår samanheng her. Det var just det eg venta å finna. Så der fekk eg eit poeng. Men ein stad står det at ein skal vera forsiktig med å leike med visse ting, for fanden kan gripe inn. Og så kjem det eit døme på noko som har skjedd: Ein gut sikta på søster si med ei sild, så smalt det, og så døydde søstera.

Alle desse små detaljane skulle peika på at her må det ha vore barn som var på ferde. For det er sjølvsagt berre barn som kan koma på at når det luktar ferskt brød, så snur ein seg, jamvel ein stein gjer det.

Det er sjølvsagt eit barn som har sett at steinen er eit skap, men at det er låst på innsida, at steinen har ei innside. Barnet har allereie vore på innsida. Barnet har sjølv mang ein gong snudd seg etter lukta av ferskt brød.

Jamvel eit stort og gammalt tre er yngst i toppen og eldst i rota. Deler vi menneskelivet inn i tre stadier - ung, vaksen og gammal - så kan ein raskt slå fast at alderdommen kom sist. Den har personen gått inn i nyss, den tilstanden er relativt ny, den er noko ein har måtta tilpassa seg i det siste, men barndommen derimot har vorte gammal, den har ein gjennomlevd for lenge sidan og har avfunne seg med forlengst. Ordtaket om at "barnet er mannens far", fortel i grunnen mindre om eit oppdragarforhold enn ein alderskilnad. "Barnet-i-deg" er ein generasjon eldre enn den vaksne i deg. Har mennesket ei lang oppstigning med vekst og forandring før det blir vaksent, så har det ei lang nedstigning med svekking av sansar og avtakande reproduksjonsevne og dårleg motorikk og så vidare. Ein skjønar at mennesket alltid har måtta leve eit liv med innebygd faktisk forandring, sjølv om individet kjenner seg toleg stabilt og som eitt og det same medan forandringane har foregått. Og denne doble tilstanden, den er typisk for mennesket: ein har alltid forandra seg, og ein er alltid den same.

Vi ser ikkje så lett at dyr eller planter har det på same måten, sjølv om bikkja som har fått nokre spark kan ha lært av det, om den fekk det nokså tidleg, sjølv om eit tre som veks ein dårleg stad, og får kapp av toppen osv, ber merke av det seinare, så er det slik, at mennesket det lever ikkje berre i takt med si subjektive tid, mennesket kan også oppsøke andre tider. Det er ikkje avhengig av kva det har lært, det kan søke ny lærdom, og det kan avvikle det det har lært. Og dermed kjenner alle det som om dei har forandra seg frivilligt. I det minste lite grann.

Mennesket kan altså lære, til og med *om seg sjølv av seg sjølv*, trur det. Og alt dette doble menneskelivet har ført med seg at mennesket lenge nå i vår tid har interessert seg for seg sjølv. Ved utgangen av dette tusenåret har vi kome så langt at vi har begynt å snakke om eit fenomen som "barnekultur". Dette er utslag av ei slik menneskeleg sjølvinteresse. Og knapt noko anna tid har hatt så mange musé, og så mange historikarar og arkeologar og liknande.

Men interessefeltet barnekultur er historisk sett toleg nytt, som me veit. Men la oss så gå til verket og seie at vi kultiverer ungar. For det er stort sett *det* historia viser oss, at det har vore gjort i vår del av verda i fleirfaldige hundre år, heilt fram til industrialismen sitt innbrot i Vesteuropa. Ungar har blitt kultiverte som ein slag åkerbruk. Ein skulle avla mange barn, friske barn, sterke barn, dugande barn. Ein skulle ha nytte og nytteglede av dei - det vil si at dei skulle bli arbeidsame, lojale, stridsdyktige og avlsføre og sosialt veltilpassa. Det gjaldt å få dei vaksne og produktive så fort råd var. Barnekultur var faktisk den vaksne si tilrettelegging, det var den vaksne sine pedagogiske tiltak andsynes barnet. Ein venta på at det vesle barnemennesket skulle bli eit stort vaksenmenneske. Ein hadde ikkje alle tilførslene vi i dag legg i omgrepet barnekultur.

Men spør om ikkje vi framleis kultiverer barn? Det pedagogiske prosjektet - til dømes i vårt land - er ikkje blitt mindre i vår eiga tid - sjølv om ein kan snakka skrått og skeptisk om det andre har gjort før. Det er berre blitt meir motsetnadsfylt. Vi snakkar om offentleg omsorg for barn, og vi snakkar om livslang læring (som er motbydeleg i min munn, for eg vil helst vera utlært), vi snakkar om ansvar for eiga læring - barna skal ha ansvar for eiga læring, elevane, studentane skal ha det, og vi snakkar om konkurranse om elevplassar, og vi snakkar om å satsa på dei unge, og særleg satse økonomisk på dei unge. Nåja. Jesusbarnet er det klassiske barn i vår kultur. Men i den boka der vi les om det største av alle barn, står det skrive at dei to første menneska, Adam og Eva, blei fødte vaksne. Dei var absolutt ikkje barn. Dei hadde ikkje eingong *vore* barn! Dette med barna som nokon har for auga, kjenner vi først og fremst som historia om det vesle Jesusbarnet. Dei meir drastiske barneforteljingane, som den om Josef og kor leit dei andre søskena mishandla han, er ei barnehistorie. Og Herodes var heller ikkje så glad i barn, kanskje barna merkar seg slike barnehistorier? Men Jesus - det store forbildet - Jesusbarnet dreiv ikkje mykje med barnekultur. Jesusbarnet er helst åleine - saman med mor si - elles så er Jesusbarnet brått på veg ut i verda, og ein riktig asosial avvikar må han ha vore, og på randa til å vera ein som kom på skråplanet. Det gjekk då også som det måtte gå, det ser ein i ettertid. Han sa noko som slo ned hos våre forgjengarar, at viss ikkje vi vart som barn igjen, ville vi ikkje kome inn i Guds rike. Og han nemnde noko om at dei små barna skulle kome til han. Det har vår kulturkrins tatt opp på den måten at ein skulle tvangsdøype nyfødde barn og raskast mogleg lære dei å oppføre seg skikkeleg, og få dei til å bli innforlivde i katekisma og få dei konfirmerte og i det heile tatt, noko barnsleg tøys blir det ikkje oppfordra til der, nei. Skuggen av dette er ikkje at barnet er barn og uferdig, men at barnet ikkje er noko godt barn utan dette.

Når vi nå altså i hundrevis av år har levd utan så mange tydelege barneforbilde i vår kultur, er det fordi vi har sett bort frå at barnet var innvevd i vaksenliva. Vi kan sjå mange barn i Europas historie, men dei er portretterte etter at dei blei store. Det gjeld gode barn som vonde barn. Om det nå skulle bli ei Hamsunstatue eingong, så blir det neppe av Hamsun som barn, men av Hamsun som olding, og det er nok også stort sett slik vi har møtt Hitlerbarnet og Napoleonbarnet og Stalinbarnet - som litt utvaksne barn. I klar tale: Josef var ganske snill i historia, men brørne hans var ikkje særleg snille, og dei var i fleirtal. Barn har mange negative eigenskapar som vi kallar for sinnssjukdom eller psykopati om dei veks vidare inn i vaksenlivet. Dei kan vera griske, dei plagar dei som er mindre enn seg, dei er tyranniske, dei trur dei er omnipotente og dei kan vere hjartelause og mykje anna fælt. Det gode med det er at -og det er ei mager trøyst - viss *ein* er tyrannisk og hjartelaus, så gjer han jobben for mange andre. Det blir ikkje plass til så mange andre uhyre "Oppdagingane" av barnekulturen viser at barn dannar grupper og traderer ord, skikkar, reglar, vanar frå kull til kull over tid. Vi ser ein verdi i dette. Men dei skaffar seg også sadistiske leiarar og Svarteperarar og "painted birds" - utstøytt. Spør om ikkje det er mykje vondt. Dei er ikkje hygieniske, og dei er ikkje automatisk gode og snille. Dei luktar vondt, og dei er ufine, og dei plagar til og med vaksne. Det må vi vite. Alle foreldre brukar å vite det, og mange foreldre vil ikkje ha barna sine slik.

I barnekulturen finn vi ikkje berre at barna er orale. Deira kultur består av ord og *handlingar*. Det er altså hendingar som skjer så og seie i lufta. Vi kan kalle det ein immateriell kultur. Mens det som vi vaksne tilfører dei, er langt meir ein materiell kultur.

Oppdaginga av barnet kan vi datere til filosofiske oppdagingar og andre, men eg meiner at dei store vendepunkta kom dels med Jesus og dels med Freud. Med Freud blei barna oppdaga - men litt for seint - i den vaksne. Det blei ein regress av dette, i og med at alle terapeutar skulle så og si gjenoppvekke det barnet som levde inne i den vaksne. Heile barneforståinga blei i ein periode eit terapeutisk prosjekt og eit regressivt prosjekt. Emnet var å finne det tapte barn. Meininga var at den vaksne skulle bli betre. Dette var dyrt og tok lang tid, og vi veit at det er betre å forebygge enn å helbrede, så mange pedagogar fann ut at dei skulle stelle det slik så barnet ikkje skulle oppleve så mange traumer, som det heiter, så dei kunne unngå å bli skadde vaksne.

Så fekk vi ein verdskrig, og ein vart ennå meir opptatt av barn, særleg av at dei ikkje skulle starte nye verdskrigar. Svære prosjekt vart starta omkring den fascistiske personlegdommen, som ein leita etter og trudde ein kunne avverje dersom ein visste

korleis den oppstod. Freuds oppdaging var stor. Det er også mi oppdaging. Men den er ikkje så terapeutisk, for nå å sette dette på spissen mens tida går, budskapet min er at formidling av kultur til barn er styrt av kva dei vaksne veit om barn, kva dei trur om barn. Dette vil eg kalla den produktive sida både ved barndommen og barndommens kultur. Dette at dei som skal gjere noko for barn, pedagogisk eller på anna vis, må ha greie på barn, og at alle som skal finne ut av barnet, må finne barnet i seg sjølv, eller gå ut og observere barn eller sjå etter korleis andre har stelt seg med barn. I fabrikktermer: Barna produserer terapeutar og barnebokforfattarar og antropologar og folkloristar og leiketøysfabrikantar og fritidsentreprenører. Det viktigaste for meg personleg - og nå er det som barnebokforfattar eg snakkar - er å ta greie på *kva barnet formidlar oppover til dei vaksne*. Det gjer barna ved å bli erindra av kvar einskild av oss, men også av å bli observert. Og her ligg ein skjult konflikt. Dette at barn skulle vera eit eige folk med eigne tradisjonar som består over tid, men ikkje over all tid, at barn held ein slags subkultur gåande - ja, det blir veldig ofte oppfatta omtrent som om dei var ein slags amazonsk indianarstamme eller for den slags skuld ein afrikansk negerstamme. Trongen til å oppdage barnet kan vera vitskapleg motivert, og då uimotseigeleg. Du kan ikkje vera imot at vi veit noko. Det er vante standpunkt å forfekta. Men du kan vera imot at leiketøysfabrikantane veit det same, eller reklamebyråa, eller sportsbutikkane.

Den romantiske ideen at alle folkeslag har sin eigen identitet, og at barnefolket har *sin* eigen kultur og sitt eige liv har ført med seg - som ein utløpar av den antitraumatiske rørsle - ei frigjeringsrørsle for barn: Barn må frigjerast, deira potensiale må frigjerast, dei må likestillast med oss vaksne. Det høver jo godt når ein snakkar om nye nasjonar med etniske homogene grupper. Men når far drar på golfbanen og sportsbutikken også har golfkøller til barnet - det blir ganske snart, for det kjem golfbaner i dei fleste kommunar - kva då? Skal barnet sjå på når far spelar golf? I slalåmbakken er det allereie utstyr for både store og små, det er det sjølvsagt på kunstisbanen også, og eg vil tru at det snart er små minibob-baner for barn. Det er nok av dei som skjønar kva barn kan klare og kva barn har lyst på, og som vil "frigjere" barn. Det som har skjedd, er at den gamle kultiveringa av barn som pågjekk i bondesamfunnet og delvis inn i industriproletariatet, den gjekk ut på å utnytte barnas arbeidskraft. Men i dag er det jo ein slags slutt på det. Utbyttinga, om vi skal bruke det ordet, eller utnyttinga gjelder i dag barns kjøpekraft. Det er mange som i dag har nytte av kva barneekspertane har å fortelja. Ingen skal få meg til å tru anna enn at det har vore nokre filologiske eller antropologiske felpionerar inne i barnejungelen som har kunna tipsa produsentane om kva barna ønskjer seg osv.

I vår gamle religion var barnet også *vondt*. Eg trur at i vår nye akademiske kunnskapsbank må vi vite at vitenskapen og kunnskapen også kan ha vonde sider. Vonde i sine effektar, om ikkje i sine intensjonar. Eg trur vi kan vite for mye om barn. Som barnebokforfattar lagar eg tekstar for barn, og eg må seie det er mitt standpunkt - og her er det også ein skjult konflikt bryt opp - at vi treng ikkje fleire nye barnebøker på trykk lenger. Men eg lagar også barnebøker. Kva så? Det gode med dette er - for å vere hyggeleg - at sånne som eg blir produsert. Så lenge vi har ein barnelitteratur gåande, blir det laga slike som blir kalla barnebokforfattarar og som er engasjerte i barnets beste - svært mange av dei. Det er ikkje sjølvsagt, men det er nok temmeleg faktisk. *Det* syns eg er ein god biverknad. Men barn har aldri ropt på dette som vi lagar. Når vi skal skrive for barnet, veit vi jo at "jammen, ungar kan jo fortelje historier sjølv, dei kan skriva sjølv". Dei kan det. Men det er trass alt ingen barn som er forleggjar. Det er ein vaksen business. Skal eg nå barna, må eg anten haike med pedagogane, eg må skaffa meg edle hensikter som er gode og sunne og nyttige elles blir eg stoppa. Eller eg må leggje meg i ei gråson. Eg kan kanskje konkurrere med pedagogane, men eg har ikkje deira institusjonar. Men eg kan leggje meg i ei gråson der leverandørane til barnekammersa og til barnelivet er. Eg kan leggje meg i den gråsona der alle dei som lagar spel og leikar og underhaldning for barn er. Vi veit dei driv ein stor industri.

Skal eg nå fram til barna der, er det to ting som må skje: Det eine er - eg må eksponerast for ungane ofte. Det er reklameprinsippet. Donaldprinsippet. Donald er ikkje populær fordi han er så god, men fordi han er framme så ofte. Det er ikkje typisk for den sorten saker eg lagar, at dei har ei slik hyppig framstilling for barna. Det andre då, det er å laga noko som barna sjølv plukkar opp, og det er til den sida av barnekulturen mitt produkt har størst sjanse til å vinne fram. Det vil seie, heile mi yrkesgruppe sine produkt. Vi lykkast når vi lagar noko som barna absorberer. Det veit vi jo frå antropologar og folkloristar sine studiar, at barn ofte inkluderer ymse av det kulturelle drivgodset i sin eigen verd. Der finnes eit tynt håp, og det håpet er omtrent som alle andre håp: veldig lite verd. Men håpet er knytt til litteratur som skal lesast. Lesinga er ei helt einsleg handling, det skjer når barnet er åleine med teksten. Ingen veit kva som skjer under lesinga, det kan jo hende at du aldri kjem inn i barnekulturen som noko barna hermde etter eller tok med seg frå kull til kull, men du har kanskje nådd inn til den einskilde. Det får du aldri vite. For når ein tekst bryt opp, er det enten når barnet ligg sjuk og skral på terapeutens benk og du er død, eller det er når barnet tenkjer noko som det tykkjer er verd å tenkje på heilt for seg sjølv.

Nåvel. Eg snakkar kanskje drastisk om Jesusbarnet og katekismen og tvangs-døypinga og tvangskonfirmeringa, men noko av det som gjorde at vi fekk ein produksjon av kulturfenomen masseproduserte for barn, var kombinasjonen av religion og trykkjekunst. Ein måtte kunne lese for å lære seg katekisma. Det var ein av dei viktigaste grunnane til at barn fekk leseopplæring, Det kom ut mange trykksaker, ikkje berre katekismer men tidtrøytelitteratur og verdslege lesebøker. Borgerskapets avkom fekk bøker for å lære korleis verda var og for å kunne drive firmaet vidare m.a.o. ein invasjon av tankar og idear i barndomslandet. Resultatet var ein slags kultureksplosion der mange ulike, gamle og nye litterære uttrykk og biletuttrykk - ord og bilde på trykte papir - nådde barna og blei transporterte av dei. Dei kan i dag lese eventyr som ikkje eingong oldeforeldra deira hadde høyrte - som var gløymt for lenge sida. Dei kan høyre forteljingar om kva som skjer i Kina og Korea - langt vekke frå den staden der dei bur. Dei kan få vaksne fiksjonar og vaksne fakta blanda med det som er laga for barn. *Alt* er i prinsippet tilgjengeleg innanfor deira livstid, og svært mykje når dei fram til samtidig. Dette er noko heilt nytt. Å byggje ut kulturinstitusjonar som spreier tekst og bilde og musikk etc. til barn - det er vanskeleg å vere i mot, men det er veldig vanskeleg å vere *for* det. For meg kunne det godt - det har eg sagt før bak lukka dører - for meg kunne det godt vore 18 års grense på finkulturen for barn - omtrent som på alkohol. Eg trur vi ville nådd barna og dei unge like godt dei stadene der kulturformidlinga skjeddde før: Heime, i skulen og på torget - sagt med stikkord. At vi i dag skulle sikta oss inn på desse institusjonane. Heime, i samværet med foreldre og leikekameratar. Borte i skuletida - skulen er blitt meir og meir omfattande og tar meir og meir av livet, både i timar og år. Og torget - torget vil vel i dag seie alle offentlege stader frå butikkar til media. Her må vi tenkje mest på kva vi skal by barna. Mine tankar om dette er for drastiske til at eg kan sette dei fram i same typen klartekst. Når ein ønskjer resonnering og ikkje kan snakke om den, må ein snakke om noko anna. Eg ser at barna framleis er utsette for den loddrette kultivering, den åkerbrukende, den pedagogiske. Eg ser at barna også deltar i den horisontale traderinga heile tida. Men når det gjeld den horisontale traderinga - dels å føre vidare det dei har fått frå andre, og dels absorbere ting dei har rundt seg, forholdsvis utan lovnader om belønning og utan trugsmål om straff - altså relativt sanksjonsfri som barnekulturen er - så må eg seie at det har det foregått noko som ikkje burde foregå.

Som nokolunde kulturansvarleg ønskjer eg å vera akkurat der eg er nå - mellom barken og veden. Mitt syn på kva rolle forfattaren spelar her går ut på at han er ein som går imellom - i mellom for å hindre at det infantile liv får breia seg opp i statslivet, ekstremistisk sagt - motarbeide utbreiinga av Hitlertypar, psykopatar og sinnssjuka vaksne som tilsynelatande fungerer - og omvendt motarbeide at

vaksenlivet trengjer ned og invaderer barnelivet slik at du får golfkøller til fireåringen og eit medietilbod på barnemarknaden som er laga for vaksne. Å gå mellom er noko du må gjere ut frå dine eigne evner og di eiga plassering i samfunnet og i vaksenlivet. Når du er så gammal som eg, vil du helst ha fred, vil ikkje ut og slåst så mykje som dei åra ein gjekk på foreldremøte og ikkje gjekk på foreldremøte eller hadde små barn. Ein har ulike framgangar i sitt liv. Men ein er i alle høve ein som går imellom. Og den viktigaste måten å gå imellom på, det er altså framleis å vera den som har bøygde seg for barnet - inni seg såvel som omkring seg - å vera ein som har forstått litt av kven ein var, og kva som skjedde. Det er klart, at om du formidlar det barnet du var, eller brukar det, så er du ein generasjon forseinka. Det må du vite, men det betyr ikkje at du ikkje kan gjere noko ut av det. Du må bøye deg over barnet, og då lærer du noko om barnet som du ikkje lærte då du var barn. Og du skjønar, at den som ikkje har gjort dette, har ikkje evna til å leve seg inn i andre. Det er sjølve basis for medkjensla også. Barnet er kanskje meir utan medkjensle enn den vaksne som bøyer seg over seg sjølv som barn. Du lærer om medkjensla og innlevinga, men du lærer også dette: i indre forstand, er ingen barnlause. For meg er det ein stor lette, å kunne seie dette, nettopp fordi eg har møtt mange barnlause som har vist stor forståing og som har vore gode folk når det gjeld området kultur for barn.

Barnekulturen er produktiv. Det er ikkje vi som er produktive. Vi blir produsert. La oss halde fast ved det. Barnekulturen produserer eit publikum også av vaksne. Den produserer ikkje berre forskarar og kulturpersonlegdommar. Den lager og eit publikum. Den produserer - kanskje forseinka men den produserer. Nye ideal. Dette er noko vi må akte på heile tida, og det er ikkje noko som er sjølv sagt. Eg likar å fortelje ei lita historie som eg første gangen høyrde då eg var saman med Zinken Hopp på Stord lærarskule (seinare har eg hatt den store gleda å vera mykje saman med henne - og det er stipendiet i mitt liv). Då sa ho noko til stor forskrekking for desse prydelege folka som trudde alle var einige om det som var godt og sant i livet. Då fortalde ho om bøkens verknad og kom inn på *Onkel Toms hytte* og den snille Tom som altså var negerslave og skulle frigjerast. Zinken seier då med si iskalde stemme: "Tru om ikkje mange barn har ønskt seg ein sånn slave noen gang - ein som den snille Tom, når de hørte om dette?". Ho hadde stor forståing for litteratur og stor forståing for barn - og ho kjende seg sjølv. Eg trur den innsikten held nokså lenge. Som forfattar er mitt problem ikkje å lage fleire bibliotek og fleire bokhyller i klasserommet, enda så kjekt det er. Du kan ikkje vere imot det, men du kan slutta å tru på at det er det som gjer det betre, for det som blir formidla til barn, enten det nå er i biletkunst eller bokkunst, det er ikkje fullt så oversiktleg. Det er nok av døme at på trass av all trafikkopplæring er det dette å køyre fort som er kjekt. Det er

omtrent den beste reklame bilen har, all denne trafikkopplæringa. I mi tid stod det bare bak på kladdebøkene at du skulle ha stor sving til venstre og liten til høgre viss vi køyrde, og elles skulle vi sjå oss om og vera forsiktige og berre gå på grøne lys som jo ikkje fanst i min kulturkrets, men som var forlokkande. Det som blir formidla er ofte noko anna enn det vi trur, det er berre det eg vil seie. Vi er ikkje helgenar fordi om vi skriv gode, fine bøker med fine intensjonar, ikkje eingong om desse bøkene blir lese og brukte mykje av barn, er det særleg bra. Eg kan ikkje førestelle meg ein einaste barne- eller ungdomskriminell som det gjekk riktig dårleg med, som ikkje har møtt både Karius og Baktus og mange andre normbærarar på sine vandringar mot fortapelsen. Det er ikkje *det* det har skorta på. Dei slo ut tenna på folk ikkje fordi dei ikkje hadde høyrd om Karius og Baktus, det hjelpte berre ikkje. Vi vaksne kan ikkje rose oss sjølve ved å vise Hakkebakkeskogen og seie at her går det bra, det er eigenleg sånn det skal gjerast. Vi må også kultivere oss sjølv. Det er det viktigaste. Då må vi vere meir i lag med ungene på ein skikkeleg måte, og vi må syte for at vi formidlar noko som står over dei destruktive impulsane som altså barn absolutt representerer i oppvekstfasen.

I utgangen på det eg vil seie, ligg det altså ei innsikt i at eg må sjå på kva eg skal skrive neste gong, ikkje lage institusjonar, endå så godt det er med institusjonar. Altså: ikkje kome med Prøysen, Astrid Lindgren, Tove Jansson, Egner og Asbjørnsen og Moe og Nordahl Rolfsen og aldri så mange fromme intensjonar i ein barnesituasjon der du snart må konkurrere om å få kome i barnehagen. Den som spring fortast kjem inn, eller den som har passordet og kan løyse koden. Då har vi tapt. Med eit ord frå Sandemose: Når du gir ein unge pryl for det han har gjort, så lærer han at her er det pryl å få! Det trur eg held i all slags ver. Om vi skal stresse desse ungene til å vere jungelapar, samtidig som vi vil ha dei gode og snille på alle vis, vil ungene velje jungelen. Barn er veldig robuste. Dei tåler godt å leve i jungelen. Det er mange barn som har vakse opp i jungelen. Barn er robuste, sterke, livskraftige, tilpassningsdyktige. Dei kan også leve opp på eit isflak. Men det betyr ikkje at barn ikkje også er veldig sårbare. Og skaden blir jo større jo større barnet blir. Den minkar ikkje utan vidare, og vi finn den for seint. Og som eg då likar å hevde: Psykoanalysen var ikkje nokon god måte å lage gode barn eller gode menneske på. Den var etterpåklokskap. Den var tungvint og dyr og hjelpte ikkje heller alltid, anna enn i beste fall ved at ein hadde fred den stund ein dreiv på med terapien. Så dette er der eg står. I den kulturforståinga eg hyser er det skepsisen til produkta som blir kasta inn i barnesfæren, skepsisen til utnyttinga av kjøpekrafta hos dei unge som er den mest dominerande. Og for å landa på Jesu ord om å "bli som barn igjen" - det er kanskje utslag av det nokon har kalla "Jesu humor". Som kjent er det nokon som har laga ei avhandling om det, den har ikkje slått særleg an.

Men altså: Det er ikkje lett å bli som barn igjen. Det er noko anna å gå i barndommen når ein blir gammal. Så anten må vi seie at vi kjem ikkje inn i Guds rike, vi kan ikkje bli som barn igjen, eller vi må gjere oss infantile og naive. Men vi kan ikkje bli infantile og naive viss vi ikkje er det i utgangspunktet. Den einaste måten å bli barn igjen på, er å bli klar over barnet i seg sjølv, og det er berre noko vi i gunstige høve er i stand til. Det er å minnst oss sjølv, og lære av oss sjølv. Og her har litteraturen gitt oss ein liten peikepinn. Den vaksne litteraturen har til og med greidd å få fram eit omgrep som heiter "stream-of-consciousness". Medvitsflaumen. Dette er noko som vi eigenleg skulle tillagt barn. Barn tenkjer og snakkar med seg sjølv heile tida. Men til dessar har det stort sett gått for å vere mummel eller kollektiv monolog, som når ungar sitt i sanden og leikar med kvar sin bil og pratar høgt, men ikkje leikar med kvarandre. Det har ikkje særleg høg status, det er eit forbigåande stadium, trur nokon. Men barna lærer å bite det i seg som alle sine sår og erfaringar. Dei held fram med å snakka, på ein måte som gjer at svært mange av oss, kanskje fleirtalet, har klart å vandra gjennom livet sitt utan å bli klientar. Alle kan vi trenge hjelp, men sanneleg er det mange som har hjelpt seg sjølv. Og det er *barn* som har hjelpt seg sjølv, heile tida, elles hadde dei ikkje kome dit dei er. Barn har lært seg å tenkje omatt på noko, barn har lært å gløyma noko, barn har lært å vringja noko til sin fordel og leva vidare. Barn kan verkeleg lyga når dei må. Barn kan bedra både vaksne og seg sjølv når dei må, og det har faktisk visse gode sider. Dei kan altså klara seg. Eg trur at eg ikkje kunne laga noko for barn dersom eg ikkje trudde på denne eigenaktiviteten hos barn. Eg ville ikkje kunne gjera nokon ting. Og for å seie eit farvel til dei som trur dei har noko å selje til barn: Eg prøver å laga noko som er tungtseljeleg, noko som barn må oppdaga åleine, noko som ikkje er så underhaldande. Eg ser på det som feil å lære barn å tru at det skal underhaldast heile livet, at alt skal skje fort, ha sterke fargar og høge lyder, og helst røre seg sånn at synsnerven styrer etter det. Men når det er barne-tv og videoar eg sterkt misliker, er det ikkje fordi eg misliker sterke fargar eller rørsler, men fordi eg finn bruken eksploaterande. Eg syns barn skal vera spart for utnytting.

I vårt eige land har ikkje den kulturpedagogiske diskusjonen vore i gang på lenge - anna enn som læreplandiskusjon. Den har eksistert i små fagmiljø, men finst ikkje som eit offentleg tema. Kanskje skal vi vere glad for det. Eg er ikkje utan vidare glad for det. Men viss ungane blir slik dei vaksne vil ha dei, er ikkje det alltid til ungane sitt beste. Eg trur vi kan seie det kvar for oss om vi ser tilbake på korleis dei vaksne ville ha oss då vi var små. Tenk om dei vaksne hadde fått viljen sin! Det er ikkje grenser for kva min generasjon ikkje fekk gjere. Vi hadde t.d. aldri forplanta oss. Dei fleste av oss fekk berre ei mengd stop-, men ingen go-signal. Det var mangt

anna som også ville gått veldig dårleg. Men det gjekk jo ikkje så dårleg. Vi som sitt her er betre og har det betre enn våre foreldre frykta. Dei fleste var jo bekymra for at om vi ikkje skulle ende på eit kors, så kunne vi bli eit kors som våre foreldre måtte bera.

Steinen er symbolet på det som eg gjerne ville vera. Eg ville gjerne vera den steinen, som trass i at den er låst på innsida, kan bli oppdaga av eit barn. Steinen som ligg heilt still og som likevel snur seg etter lukta av ferskt brød. Det er slik eg vil bli oppdaga av barn. Eg trur at det er mogleg.